

Are Rønhovde
Skurdalsvegen 450
3580 Geilo

25.05.2024

Hol kommune
Ålmannvegen 8
3576 Hol

Innspill til kommuneplanens arealdel, saksnummer 2023/5379

- Vedr. RETTSVIRKNING AV KOMMUNEPLANENS AREALDEL og Saksnr. 11/23
Kommuneplanutvalget 22.03.2023

Kva insentivet til planutvalet er må ein lure på. Her overstyrer ein regulerte planar, utan omsyn til grunneigarars investeringar, lånebetingelsar/pantsikring. Kan ein gjere eit slikt vedtak utan i det heile å kontakte grunneigarar som vert råka av vedtaket? Er det inga varslingsplikt? * Inga erstatningsplikt? **Dette er ugrei oppførsel!** (*Ja, det kom varsel vinteren 2024. At grunneigarar innanfor planane nemnt i sak 11/23 hadde fått talt si sak før vedtaket 22.03.2023 ville ikkje vore urimeleg!)

Det kan i utgangspunktet sjå tilforlateleg ut, om omsynet til naturen var grunnlaget for vedtaket, men det vert mildt sagt spesielt når ein no fjernar ein regulert plan og samstundes beheld i kommuneplanens arealdel eit tilsvarande område i nærområdet. Til alt overmål i eit urørt område (FTU - Skurdalen, sør for fv. 40). Rett nok er ikkje 062006002 campingplass, det er derimot regulert inn både hytter og utleiehytter.

Utover det eksisterte planid 062006002 då planid 3030_6008 vart vedteken i 2017. Plan 6008 skulle aldri vore vedteken: Alt for omfattande, øydeleggjande for vilttrasear.

Skal ein no plastre på den tabben ved å umyndiggjere ein plan som alt då fanst? Skal grunneigar med eksisterande planar måtte lide for kommunen sine tabbar andre stader?

Det rette vedtaket å gjere ville vere å områderegulere området innanfor planid 062006002 som FB/FTU i kommuneplanens arealdel 2024-2036. Slik at reguleringsplanen ikkje vart umyndiggjort.

Vedtaket 22.03.2023 vitnar om at kommunen ynskjer planar hjå grunneigarar der utbyggingstakta kan haldast oppe på eit usunt nivå. Det er ingen andre omsyn som tel.

Lurar elles på kvifor planid 062006002 ikkje viser i kartet lenger? Reguleringsplanen er gjeldande.



Are Rønhovde
Grunneigar 83/2

PS!

Ved godkjenning av plan 6008 i 2017 hadde regelverket for «planskapt netto verdiøkning» funnest i 10 år. Sikra kommunen ved godkjenning av plan 6008 at dei som haldt friareal innanfor planen fekk sin del av kaka? Eller fekk dei berre gleda av å sørge for at det kunne regulerast inn enno fleire hytter på dei andre sitt areal? Beklagar – null respekt!